

PROTOKOLL FRÅ KONTROLLUTVALSMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Tysdag 22. november 2005 kl 18.00 – kl 19.30

Stad: Helse Vest RHF, Forus

Saker:

Sak 05/05 B Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 19.10.2005

Sak 06/05 B Nytt utkast til instruks for kontrollkomiteen

Sak 07/05 B Plan for kontrollkomiteen 2006

Sak 08/05 O Orientering frå internrevisor

Deltakarar frå kontrollkomiteen: Svein Andersen
Per Hanasand
Bente Moen

Frå administrasjonen: Per Karlsen
Gunnar Hoff

Protokollen er godkjent, men ikkje signert

Sak 05/05 B Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 19.10.2005

Vedtak (samrøystes)

Kontrollkomiteen godkjenner protokollen frå møte 19.10.2005.

Sak 06/05 B Nytt utkast til instruks for kontrollkomiteen

Instruksen er tidlegare handsama i styret. Styret ønskte å få framlagt eit nytt forslag med følgjande endringar:

”Det må presiserast i instruksen at alle møte i kontrollutvalet er opne.

Instruksen må omformulerast slik at han gjev vide fullmakter til kontrollutvalet, samstundes som omfanget av ”må oppgåver” vert avgrensa.”

Instruks er justert i forhold til vedtaket i styremøte.

Vedtak (samrøystes)

Kontrollkomiteen godkjenner nytt utkast til instruks.

Kontrollutvalet si innstilling til styret:

Styret godkjenner instruksen for kontrollkomiteen.

Sak 07/05 B Plan for kontrollkomiteen

Kontrollkomiteen legg opp å halda fire ordinære møter i 2006.

Kontrollkomiteen vil ta stilling til trongen for fleire møter dersom det skulle visa seg å vera trong for det. Det er utarbeidd ein plan for kontrollkomiteen som vil bli lagt til grunn for arbeidet i 2006.

Vedtak (samrøystes)

Kontrollkomiteen godkjenner planen for 2006 med dei tillegg som vart som vart vedteke på møtet .

Kontrollkomiteen si innstilling til styret:

Styret godkjenner plan for kontrollkomiteen 2006

Sak 08/05 O Orientering frå internrevisor

1. Internrevisor orienterte om arbeidsoppgåver som var prioritert i samband med etablering av internrevisjonsfunksjonen i Helse Vest, mellom anna:

Protokollen er godkjent, men ikkje signert

- Kompetanseoppbygging og informasjonsinnhenting..
- Instruksar og rutinar for kontrollkomité og internrevisjon
- Involvering som observatør i prosjektarbeid knytt til etablering / utvikling av internkontroll i Helse Vest.
- Etablering av nettverk for internrevisjonane (revisjonsleiarane) i helseregionane. Første møte avtalt den 7. des. 2005 i Oslo.
- Utforming av prosessar, rutinar og malar knytt til administrative og faglege prosessar i internrevisjonen. M.a. plan og budsjett, bruk av ressursar, rapportering, og kommunikasjon/ dialog.
- Utvikling / tilpassing av risikoverktøy, Risk ID og e- risikoskjema, til bruk i arbeidet med revisjonsplan for 2006.
- Internrevisjonshandbok – utvikling av ein struktur som skal dekkja ein samla dokumentasjon av revisjonens organisering, ressursar, fullmakter, rutinar, metodar og verktøy.

2. Internrevisor presenterte ein framgangsmåte for utarbeiding av revisjonsplan for 2006. Planen skal baserast på ei overordna kartlegging av risiko og fordrar både at det vert etablert ein formalisert prosess og veleigna metodisk tilnærming. Det er lagt opp til ei praktisk tilnærming med involvering frå kontrollkomiteen, samt toppleiinga og linjeleiarar ved helseføretaka. Prosessen skal bidra til at planen har aktualitet og fører til læring i organisasjonen.

Prosessen vil omfatta mellom anna,

- Identifisering og innhenting av dokument
- Identifisering av mål, vedtak og regelverk
- Utarbeiding av grunnlagsdokumentasjon
- Informasjon og risikoprosess i leiargruppe
- e- Risikoundersøking
- Oppfølgingssamtalar
- Analysar
- Prioritering
- Utarbeiding av plan

Det er lagt opp ein framdriftsplan som føreset at revisjonsplanen for 2006 vert handsama på møtet i kontrollkomiteen 7. februar 2006.

3. Kontrollkomiteen vart informert om funn og internrevisors vurderingar i utkast til rapport frå eit revisjonsprosjekt i Helse Bergen HF.

Referent Gunnar Hoff
Stavanger, 30. november 2005

Svein Andersen
Leiar

Bente Moen

Per Hanasand